

Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 14/2040

---

Arkiv: 030 &amp;23

**Saksnr.:** Utval  
2/15 Sogn regionråd

**Møtedato**  
26.02.2015

**Sak** 2/15

### **Kommunereforma – val av tilbydar**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd gir administrasjonen fullmakt til å avgjera om Agenda Kaupang eller Telemarksforsking skal gjennomføra felles utgreiing om kommunereforma.

#### **Vedlegg:**

Mandat for felles utgreiing om kommunereforma

#### **Uprenta vedlegg:**

Tilbod frå Agenda Kaupang, Deloitte AS og Telemarksforsking (Ikkje offentleg, jf offl.lov § 23.3)

#### **Saksutgreiing:**

##### **Bakgrunn:**

Mandat for felles utgreiing om kommunereforma er vedteke av dei ni kommunane og i Sogn regionråd i sist møte. Utgreiinga skal gje kommunane i Sogn eit grunnlag for å ta stilling til ev. kommunesamanslåing med andre kommunar i Sogn. Felles utgreiing skal vera eit supplement til kommunane sine prosessar. I samsvar med framdriftsplanen søker vi innan fristen 1. mars om skjønsmidlar til utgreiingsarbeidet. Fylkesmannen tildeler skjønsmidlane 19. mars. Som det framgår av framdriftsplanen vil vi inngå avtale med konsulent innan 1.4.2015.

Administrasjonen har i samråd med rådmannsgruppa innhenta tilbod. Det vart 2.2.2015 sendt ut førespurnad til 6 tilbydarar: Agenda Kaupang, Deloitte, Høgskulen i Sogn og Fjordane, KS-konsulent, Telemarksforsking og Vestlandsforsking. Det er i tilbodsførespurnaden teke atterhald om at vi får skjønsmidlar til felles utgreiing. Tilbodsfristen var 16.2. og det kom tre tilbod: Agenda Kaupang, Deloitte og Telemarksforsking. Tilbydarane oppfyller kvalifikasjonskrava.

I tilbodsførespurnaden er det informert om at fornyingsmidlane vil gje den økonomiske ramma for den felles utgreiinga. Etter tildeling av fornyingsmidlar kan det vera aktuelt å gå i dialog med eit utval av tilbydarar for å forhandla om tilbodet.

#### **Vurdering:**

Dei tre tilbydarane er kvalifiserte. Administrasjonen har gjort ei vurdering av tilboda opp mot tildelingskriteria. Tildelingskriteria er kompetanse (innan førespurde fagfelt), gode og relevante

## Sogn regionråd

referansar, pris og oppdragsbeskriving. Etter ei samla vurdering tilrår administrasjonen å gå i dialog med Agenda Kaupang og Telemarksforsking. Det kan vera aktuelt at inntil to rådmenn blir med i forhandlingane med tilbydarane. Administrasjonen ber Sogn regionråd om fullmakt til å avgjere kven av dei to tilbydarane som skal få oppdraget.

□